



NTL NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.:
2026/32-3

Sakshandsamar:
Inge Olav Fjalestad
inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Dato
25.02.2026

DETALJPLAN FOR MILJØ OG LANDSKAP FOR REETABLERING AV DAM LONGERAK I BYGLAND KOMMUNE - TILLEGG FRÅ BYGLAND KOMMUNE

Vi syner til dykkar brev datert 08.01.2026 (dykkar ref. 202521494-2) vedrørende detaljplan for miljø og landskap for reetablering av dam Longerak. Der kommunen kan kome med innspel til detaljplanen utarbeidd av Å Energi.

Bygland kommune har kome med innspel til detaljplanen (vår ref. 2026/32-2) i brev datert 02.02.2026. Vi ser at det er eit forhold til som vi ynskjer betre klarlagt i planen.

Riggområde og lasteområde for helikopter

Det gjeld riggområde/lasteområde for helikopter. I planen er det skissert tre områder. To av desse står som alternative lasteområde for helikopter. Desse ligg inn til rv. 9 som er hovudfartsåra gjennom Setesdal. Riggområda ligg så nært inn til rv. 9 at vi meiner dei er lite eigna mot. støy, svevestøv og risiko for alvorlege hendingar. Her ligg blant anna bustadhus tett inn til riggområde.

Området i Grendi er eigd av Bygland kommune og er parkeringsplass for kyrkja. Sakshandsamar er ikkje kjent med at kommune har motteke offisiell førespurnad om bruk av området. Vi meiner at området ikkje kan nyttast når det er messer, gravferder o.a. i kyrkja.

Riggområde på snuplass langs privat skogsbilveg, Vatnedalsvegen, meiner vi er einaste gode alternativ for helikoptertransport ut frå nemnte forhold ovanfor. Om ein treng andre alternative riggområder for flyging, meiner kommunen at ein bør sjå etter andre alternativ som ligg lengre vekk frå rv. 9 og der det er bustad.

Helikoptertransport

I vedlegg 3 har Norconsult vurdert verknadar på fugl. Her står det at ein tilrår å unngå helikoptertrafikk og anleggsstøy i perioden mars -utgangen av juni. Vi kan ikkje sjå at det er skissert kor mange turar eller dagar det er forventa med helikoptertransport i sjølve planen. Ved fleire transportar over fleire dagar må ein vurdere samla belastning på dyrelivet. Av omsyn til viltet bør det gå klart fram i planen når tid på året ein kan fly.

Med helsing
Bygland kommune

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.